



Etnedal kommune

Plan og teknisk

Lisbeth Tvete
Bossumveien 33
1626 MANSTAD

Administrativt vedtak

Deres ref.:	Vår ref.:	Arkivsak:	ArkivID:	Vår dato:
	SAGKAR - 26/4127	26/745	GBNR-35/53, K2-M55	17.08.2026

Saksnr.	Utvalg
138/26	Kommunestyret

Vedtak om utsleppsløyve - gnr 35 bnr 53 - Bjødnabakkin 11

Tiltak:	Avløpsanlegg	
Byggested:	Gbnr: 35/53	Bjødnabakkin 11
Tiltakshaver:	Lisbeth Tvete	
Ansvarlig søker:	M Kompen Maskinstasjon As	

Vedtak

Etnedal kommune godkjenner etablering av avløpsanlegg og utslepp av sanitært avløpsvatn på gnr. 35, bnr. 53. Avløpsanlegget skal etablerast i tråd med *Forskrift om utslipp av avløpsvann fra avløpsanlegg som ikke overstiger 50 pe, Etnedal kommune*.

Utsleppsløyvet gjeld frå vedtaksdato og er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5. Løyve til bygging av avløpsanlegget er gitt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 20.

Vilkår for løyva

- Avløpsanlegget skal etablerast i samsvar med forureiningsforskrifta §§ 12-7 til 12-13, søknadsdokumentasjonen og godkjent situasjonskart.
- Anleggseigar er ansvarleg for forureining frå anlegget.
- Anlegget skal plasserast og byggjast i samsvar med VA-planen for Bjødnalabben hyttegrennd og godkjent situasjonskart.
- Slamavskiljaren skal registrerast i Valdres Kommunale Renovasjon sitt tømmesystem og tømmast etter gjeldande tømmerutinar.
- Tilkomst for tømming må vere sikra, jf. krav til køyreveg, avstand og høgdeforskjell.
- Ferdigmelding skal sendast kommunen før anlegget blir teke i bruk.
- Anlegget skal plasserast som vist i godkjent situasjonskart og med minst 100 meter avstand til andre registrerte drikkevassbrønnar. Plasseringa kan ikkje endrast utan skriftleg samtykke frå kommunen.
- Infiltrasjonsflata skal leggjast i eigna, drenerande massar. Dersom grunnforholda på den endelege plasseringa avvik frå føresetnadene i VA-planen, skal ansvarleg prosjekterande dokumentere nødvendige tilpassingar før utføring.

Besøksadresse:	Postadresse:	Telefon:	Organisasjonsnummer:
Kyrkjevegen 10	2890 Etnedal	61 12 13 00	933 038 173
			E-mail: postmottak@etnedal.kommune.no
			www.etnedal.kommune.no

- Kommunen kan krevje tilkopling til offentlig vatn- og avløpsanlegg dersom dette blir tilgjengeleg i området.
- Løyvet fell bort dersom arbeidet ikkje er sett i gang innan tre år eller blir stansa i meir enn to år.

Som ansvarleg søker er M. Kompen Maskinstasjon AS, org.nr. 915 607 608, ansvarleg for samordning av dei ulike oppgåvene knytt til tiltaket og skal sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar.

Saksopplysninger

Lovgrunnlaget

Vedtaket er gjort med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5, lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg i Etnedal kommune og plan- og bygningslova § 20-1.

Informasjon om saka

M. Kompen Maskinstasjon AS søker på vegner av Jan-Gunnar og Lisbeth Tvette om utsleppsløyve for etablering av nytt avløpsanlegg til eksisterande fritidsbustad på gnr. 35, bnr. 53, Bjødnabakkin 11.

Det er søkt om innlegging av vatn og etablering av infiltrasjonsanlegg for samla svart- og gråvatn. Søknaden viser slamavskiljar på 4 m³, sjølvfall og utslepp til stadlege massar. VA-planen for Bjødnalabben hyttegrennd er lagt til grunn for prosjekteringa.

Avløpsanlegget skal bestå av:

- slamavskiljar med våtvolum på minst 4 m³,
- fordelingsanordning med sjølvfall,
- infiltrasjonsgrøft med filterflate på minst 40 m².

Anlegget er dimensjonert for 5 pe og ei dimensjonerande vassmengd på 1 000 liter per døgn. Anlegget skal tilfredsstillere renskrava i lokal forskrift og forureiningsforskrifta § 12-8.

M. Kompen Maskinstasjon AS, org.nr. 915 607 608, erklærer ansvarsrett for SØK, PRO og UTF.

Tiltaket er nabovarsla utan innvendingar frå varsla partar.

Begrunnelse

Grunngjeving

Det er søkt om utsleppsløyve for nyetablering av avløpsanlegg til eksisterande fritidsbustad. Løyvet er vurdert med heimel i forureiningsforskrifta kapittel 12, lokal forskrift om mindre avløpsanlegg, naturmangfaldlova §§ 8–12, vassforskrifta § 12, kulturminnelova § 3 og plan- og bygningslova kapittel 27 og 30.

Arealbruk og lokalisering

Eigedomen ligg i Bjødnalabben hyttegrennd og er utbygd med fritidsbustad. Tiltaket omfattar etablering av avløpsanlegg til eksisterande bebyggelse og medfører ikkje endra arealbruk utover dei tekniske installasjonane som er nødvendige for avløpsløyvinga.

DOK-analysen viser ikkje konflikt med registrerte naturtypar, prioriterte artar, naturvernområde eller registrerte kulturminne innanfor tiltaksområdet. Tiltaket blir etablert på ei allereie utbygd fritidseigedom og er vurdert å ikkje medføre vesentleg negativ påverknad på friluftsliv eller andre allmenne interesser.

DOK-analysen viser at eigedomen ligg i eit område som på overordna lausmassekart er registrert som torv og myr, med generelt dårleg infiltrasjonsevne. Den godkjende VA-planen byggjer på undersøkingar og vurderingar av lokale grunnforhold og fører gnr. 35/53 opp med enkeltanlegg for samla avløp. Kommunen set vilkår om at infiltrasjonen blir lagd i eigna massar på den planlagde staden.

Vegtilkomst og tilgjenge for tømming

Etter visuell vurdering av kartgrunnlaget er det etablert køyreveg fram til eigedomen.

For å oppfylle krava i forskrift om tømming og tilsyn av mindre avløpsanlegg i Valdres skal:

- det vere køyrbar veg fram til slamavskiljaren,
- avstanden frå oppstillingsplass for tankbil til anlegget ikkje overstige 15 meter,
- høgdeforskjellen ikkje overstige 5 meter.

Tiltakshavar har ansvar for at desse krava er oppfylte ved ferdigmelding.

Tilhøvet til VA-planen for Bjødnalabben hyttegrend

Revidert VA-plan for Bjødnalabben hyttegrend, datert 7. juni 2012, fører gnr. 35/53 opp med «enkeltanlegg». For ei enkelt hytte er løysinga skildra som slamavskiljar med våtvolum på 4 m³, fordelingsanordning og infiltrasjonsgrøft med filterflate på 40 m².

Det omsøkte anlegget er i samsvar med prinsippløysinga og dimensjoneringa i VA-planen. Planen legg til grunn ei maksimal hydraulisk belastning på 25 liter per m² og døgn og ei dimensjonerande avløpsmengd på 1 000 liter per døgn for éi hytte.

Med vilkår om plassering etter situasjonskartet, kontroll av dei lokale massane ved utføring og vern av drikkevassinteressene vurderer kommunen at anlegget gir forsvarleg miljø- og hygienetryggleik.

Naturmangfald (nml. §§ 8–12)

Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 som tilstrekkeleg. Gjennom DOK-analysen, Vann-Nett, NIBIO (Kilden), VA-planen og innsend dokumentasjon ligg det føre eit oppdatert og tilstrekkeleg grunnlag for vurderinga.

Det er ikkje registrert naturtypar, prioriterte artar eller andre naturverdiar med særleg verneverdi innanfor tiltaksområdet. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 tilseier derfor ikkje at tiltaket skal avslåast. Det er heller ikkje dokumentert forhold som tilseier at tiltaket vil medføre uakseptabel samla belastning på økosystemet, jf. naturmangfaldlova § 10.

Vassmiljø og kulturminne

Avløpet skal først gjennom slamavskiljar og rensast ved infiltrasjon i stadlege massar. Kommunen har vurdert plasseringa av infiltrasjonsanlegget opp mot omsynet til vassmiljø, grunnvatn og drikkevassinteresser.

VA-planen er utarbeidd for å sikre ei heilskapleg løysing for vassforsyning og avløp i hyttegrenda. For gnr. 35/53 er infiltrasjonsanlegg for samla avløp uttrykkeleg valt. Planen gir eit meir stadstilpassa grunnlag enn dei overordna lausmassekarta i DOK-analysen.

Med dimensjonerande avløpsmengd på 1 m³ per døgn og filterflate på 40 m² blir arealbelastninga 25 liter per m² og døgn, i samsvar med VA-planen.

Søknaden opplyser at det finst andre drikkevassbrønner i området, med oppgitt avstand på 100 meter. Løynet føreset at denne avstanden blir halden og at plasseringa følgjer godkjent situasjonskart. Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor tiltaksområdet.

Etter ei samla vurdering meiner kommunen at det omsøkte avløpsanlegget vil gi tilstrekkeleg renseeffekt, og at utsleppet ikkje vil medføre forringing av miljøtilstanden i nærliggjande vassførekomstar eller vere til hinder for at miljømåla etter vassforskrifta blir nådde. Føresetnaden er at anlegget blir etablert og drive i samsvar med godkjend søknad, VA-planen og vilkåra i vedtaket.

Tiltaket er elles vurdert å ikkje vere i strid med friluftsliv eller andre allmenne interesser.

Gebyr

Søknaden gjeld eigedom innanfor område med godkjend VA-plan. Gebyr for handsaming av søknad om utsleppsløyve er derfor kr 4 500,- i samsvar med Etnedal kommune sitt gjeldande gebyrregulativ.

Høve til å klage

Vedtaket er fatta i medhald av delegasjonsreglementet og kan i medhald av forvaltningslova §§ 28–36 klagast på. Klagefristen er tre veker frå den dagen vedtaket er gjort kjent for dykk. Klaga skal sendast skriftleg til Etnedal kommune. Dersom kommunen ikkje tek klaga til følgje, blir saka sendt til klageinstansen for endeleg avgjerd. Du har rett til å gjere deg kjend med sakas dokument etter forvaltningslova §§ 18 og 19.

Med helsing

Kari-Elin Solberg Saglien
Rådgiver

Etter våre rutiner er dette dokumentet godkjent og sendt uten underskrift.